# Voss og omland LOP

Lokallag for: Aurland, Ulvik, Vaksdal og Voss



Til medlemmene i Voss og omland LOP og Forsvarsforeninga på Voss

**Bli med på fantastisk overnattingstur til Rjukan 27. – 28. mai 2026**

EinAst Reiser AS inviterer medlemer i LOP avdeling Voss og Forsvarsforeninga på Voss til overnattingstur til Rjukan 27. – 28. mai 2026.

Turen startar frå parkeringsplassen ved Park onsdag 27. mai kl. 08.00 med eigen buss. Me køyrer mot Granvin og til Kvanndal der ferja tek oss over fjorden kl. 09.00. Fyrste stoppen undervegs vert på Haukeligrend eller Rauland, der me kan få oss ein enkel kopp kaffi.



Me køyrer så vidare til Rjukan der me skal ta Gaustabanen opp til Gaustatoppen for lunsj i lytte- og sendesalen i Natoanlegget.



Etter lunsj får me omvising og historieforteljing inni NATO-anlegget på Gaustadtoppen. Me reiser ned att med Gaustabanen, og køyrer opp til Gaustadblikk Fjellresort for innsjekk om lag kl. 16.30. 3 rettars middag på restaurant Bjørk på hotellet vårt kl. 19.30.





Torsdag morgon tek me ein god frukost, før me set oss i bussen att kl. 10.00. Me køyrer ned att til Rjukan, der me vitjar Norsk Industriarbeidarmuseum på Vemork. Her får me ei omvising med biletforedrag om Vemork si historie, og ein tur gjennom tungtvannskjellaren på eiga hand.

Etter mykje inntrykk reiser me vidare frå Rjukan kl. 12.30 over Imingfjell til Geilo der me stoppar for lunsj om lag kl. 14.30.

Når lunsjen er vel fortært dreg me attende over Hardangervidda og reknar med å vera på Voss innan kl. 18.30

Pris for heile turen inklusiv overnatting, 2 lunsjar, middag, omvisingar, buss og ferje vert kr. 5.950,- pr. person, (ikkje tillegg for enkeltrom).

For at turen skal verta noko av, treng me minimum 20 personar påmelde, medan me maksimalt kan vera 45 personar. Eventuell alkohol til maten betaler ein sjølve.

**Påmelding innan sundag 15. mars** (men gjerne så raskt som råd) på mail til einar@eareiser.no eller på telefon/SMS til 913 28 768. Sjå avbestillingsreglar i vedlegg.

Har du eventuelle allergiar me må ta omsyn til ved måltida, gje melding om dette ved påmeldinga. Faktura for turen vert sendt ut i ettertid.

Beste helsing

| | |
|---|---|
| Voss og omland LOP | EinAst Reiser AS |
| Astrid Holtekjølen | Einar Larsen |